



Møteprotokoll

Utval:	Levekårsutvalet
Møtestad:	Formannskapssalen, Sande rådhus
Dato:	03.03.2026
Tid:	kl 13.45 – 16.00

Desse møtte	Representerer	Funksjon
Frode Bringsvor	H	leiar
Marthe Longva Strandbakken	AP	nestleiar
Kjartan Bleie	FRP	medlem
Ann-Lena Vonheim	H	medlem

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Magnus Hjelle	SP	Erik Aurvoll	SP

Røysteføre: 5

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:

Kari Johanne Skarmyr, einingsleiar heimeteneste

Susann Worren Hauge, einingsleiar Sande kulturskule

Lilly Arlen Kvalsund, kommunalsjef oppvekst og kultur

Elin Muren Rokstad, informasjonskonsulent/politisk sekretær

Møtet slutt kl 16.00

Til å lese igjennom møteprotokollen før vedtaksutsending saman med leiar vart Marte Longva Strandbakken og Ann Lena Vonheim valde.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 09/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/219
PS 10/26	Godkjenning av protokoll	26/219
PS 11/26	Orienteringar	26/219
PS 12/26	Referatsaker	26/219
PS 14/26	Høyeringssak- framtidig organisering av oppvekstsektoren i Sande kommune	25/8
PS 15/26	Politisk implementering av ny (revidert) rammeplan for Sande kulturskule	24/261

Larsnes, 03.03.2026

Frode Bringsvor
leiar

PS 09/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste godkjent utan merknad.

PS 10/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjent utan merknad.

PS 11/26 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
02/26	Orientering om heimetenestene

Vedtak:

Orienteringssaka vart samrøystes teken til vitande.

Behandling:

Kari Johanne Skarmyr, einingsleiar heimeteneste orienterte om heimetenestene.

PS 12/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Innspel frå psykisk helse- rus og Øya
02/26	Om nedlegging av tenestene på Øya, Sandetun
03/26	Salskontroll 11.02.2026 Joker Larsnes
04/26	Salskontroll 11.02.2026 - Coop Marked Gjerdsvika
05/26	Salskontroll 11.02.2026 Coop Marked Sandsøy
06/26	Tobakkskontroll - 11.02.2026 Joker Larsnes
07/26	Tobakkskontroll 11.02.2026 - Coop Marked Gjerdsvika

Vedtak:

Referatsaker vart samrøystes tekne til vitande

PS 14/26 Høyringsak- framtidig organisering av oppvekstsektoren i Sande kommune

Vedtak:

Kommunedirektøren bygger tilrådinga si på det kunnskapsgrunnlaget som i sum er utarbeidd, i tillegg til dei ytterlegare presiseringane som har kome frå Telemarksforsking knytt til rapporten.

1. Skulestruktur

- Gursken skule (1-7) Larsnes skule (1-7) vert slått saman til ny felles barneskule i Gursken, frå og med skuleåret 2026/2027.
- Kvamsøy skule (8-10) blir flytta til ny felles ungdomsskule i Gursken (8-10), frå og med skuleåret 2026/2027.
- Kvamsøy skule (1.-7. trinn) held fram i noverande lokale, men blir organisert under felles leing og administrasjon med ny samanslått skule i Gursken.

2. Barnehagestruktur

Barnehagestrukturen vert tilrådd uendra, men kommunedirektøren vil vurdere ny administrativ organisering av tenesta.

3. Kulturutvikling

- Kulturskulen blir flytta til Larsnes skule, men med moglegheit for bruk av lokala til musikk- og aktivitetsrom for SFO i Gursken.
- Kommunen skal, i samarbeid med frivilligsentralen, lag og organisasjonar og flyktingtenesta, vurdere om tidlegare Larsnes skule kan utviklast til ein aktivitetsbase for kultur, ungdom, frivilligheit og idrett.
- Ei eventuell flytting av biblioteket blir utsett, i påvente av ei breiare vurdering av framtidsretta biblioteksdrift, inkludert:
 - interkommunalt samarbeid
 - «Meiråpent»-løysing med beteningsfri opningstid
 - framtidig lokalisering

Saka vert lagt ut til offentleg ettersyn og frist for å kome med innspel er 14.april 2026.

Behandling:

Sande Frp: Framlegg til tilleggspunkt til vedtak. Vi ynskjer desse avklaringane i høve sak 14/26 med skriftleg tilbakemelding. Foreslått av Kjartan Bleie, Framstegspartiet

Budsjett for oppvekst- og kultursektoren for 2026 fordelt på einingar:

Samla for kvar eining

Fordelt på ansvar på einingane, skule, SFO og barnehage.

Årsverk pr. januar 2026:

Samla for kvar eining fordelt på leing, pedagogisk personell og assistent?

Skuleskyss pr januar 2026:

Antal born som har lovbestemt skuleskyss i januar 2026.

Antal born som har lovbestemt skuleskyss i september 2026, basert på framlegget til ny skulestruktur.

Arealoppgåve og planteikning basert på framlegg til ny skulestruktur for:

Antal elevar pr. klasse/klasserom.

Garderobeplass for antal elevar.

Arbeidsplassar for antal tilsette.

Garderobe for antal tilsette.

Skuleborn med vedtak:

Kor mange årsverk vert brukt til borna?

Kor mange born har vedtak i kommunen?

Korleis er organisering/baserom tenkt?

Kva planar har dykk for uteområdet i Gursken?

I rapporten frå Telemarkforskning skriv dei under alt 4: “..føreset...utviding av utearealet”.

I alternativ 4 med felles barne- og ungdomsskule i Gursken og barneskule på Kvamsøy.

Korleis er det tenkt å organisere undervisninga når ein samstundes skal fornye og oppruste skuleanlegget i Gursken?

Arealnormer

Telemarkforskning har ikkje forklart kvifor dei brukar nybyggsnormer i Sande, medan dei i skulestruktur rapporten for Senja i 2025 skriv(s8):

«Hvis det er snakk om nybygg, tilbygg eller omfattende renovering, kan det være hensiktsmessig å sammenligne med slike arealnormer. Når det gjelder vurderingen av kapasiteten på eksisterende bygg, MÅ man legge til grunn et enklere normsett for klasserom/hovedrom for elevene og arealer til kontorarbeidsplasser for lærerne.»

Hadde dei vore tru til kva dei seier MÅ legge til grunn, hadde resultatet vorte vesentleg endra.

Kjell Lien frå Telemarkforskning lova i Kommunestyret å kome med svar på dette.

Sektorsjef oppvekst og kultur, Lilly - Arlen Kvalsund orienterte i saka.

Kjartan Bleie, Frp kom med forslag til tilleggspunkt til kommunedirektøren si tilråding.

Framlegget til Frp fekk to stemmer og fall.

Tilrådinga til kommunedirektøren fekk tre stemmer og vart vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren byggjer tilrådinga si på det kunnskapsgrunnlaget som i sum er utarbeidd, i tillegg til dei ytterlegare presiseringane som har kome frå Telemarkforskning knytt til rapporten.

1. Skulestruktur

- Gursken skule (1-7) Larsnes skule (1-7) vert slått saman til ny felles barneskule i Gursken, frå og med skuleåret 2026/2027.
- Kvamsøy skule (8-10) blir flytta til ny felles ungdomsskule i Gursken (8-10), frå og med skuleåret 2026/2027.
- Kvamsøy skule (1.-7. trinn) held fram i noverande lokale, men blir organisert under felles leing og administrasjon med ny samanslått skule i Gursken.

2. Barnehagestruktur

Barnehagestrukturen vert tilrådd uendra, men kommunedirektøren vil vurdere ny administrativ organisering av tenesta.

3. Kulturutvikling

- Kulturskulen blir flytta til Larsnes skule, men med moglegheit for bruk av lokala til musikk- og aktivitetsrom for SFO i Gursken.
- Kommunen skal, i samarbeid med frivilligsentralen, lag og organisasjonar og flyktningtenesta, vurdere om tidlegare Larsnes skule kan utviklast til ein aktivitetsbase for kultur, ungdom, frivillighet og idrett.
- Ei eventuell flytting av biblioteket blir utsett, i påvente av ei breiare vurdering av framtidsetta biblioteksdrift, inkludert:
 - interkommunalt samarbeid
 - «Meiråpent»-løysing med beteningsfri opningstid
 - framtidig lokalisering

Saka vert lagt ut til offentleg ettersyn og frist for å kome med innspel er 14.april 2026.

PS 15/26 Politisk implementering av ny (revidert) rammeplan for Sande kulturskule

Vedtak:

Kommunedirektøren si tilråding:

Sande kommunestyre vedtar å legge *"Rammeplan for kulturskolen - Kulturskole for alle"* til grunn for drift og utvikling av Sande kulturskule.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes tilrådd.

Kommunedirektøren si tilråding:

Sande kommunestyre vedtar å legge *"Rammeplan for kulturskolen - Kulturskole for alle"* til grunn for drift og utvikling av Sande kulturskule.